


Prosjektbeskrivelse

Breibandsutbygging i Meland kommune

I 2018 søker kommunen om tilskot til utbygging

1. Landsvik-Skjelanger
2. Ådland
3. Io
4. Håtufte-Espetveit
5. Fosse
6. Eikeland
7. Erstad-Meland-Bjørnestad
8. Dalstø



Kommunen har fått inn 27 innspel i samband med høyringsrunden, og innspela viser at svært mange framleis har problem med å få gjort det aller mest nødvendige på nettet t.d. bruk av nettbank, og levering av skulearbeid.

Område merka i blått utan nummer, er område som det kom innspel på, men som ikkje vert søkt om grunna usikkerheit om områda tilfredsstillar krav om fart under 30 Mbit/s og utfordringar med å nå krav om 25 % lokal finansiering. På kvart av desse områda har det berre kom inn eit innspel kvar. Dersom det er moglegheit for å få meir midlar til utbygging er det ønskeleg å søkje om desse områda også. Utbygging av Dale og Søndre Ryland treng rundt 1,2 mill i tilskot.


Om dekningskarta

På dei andre område har innspela frå bebuarar vist at farten er låg, og ofte lågare enn dekningskarta viser. Basert på innspel over fleire år meiner kommunen at det er svært usannsynleg at område 1 har over 10 Mbit/s dekning. Vi meiner også at dekningskartet for Erstad og Meland (område 7) er feil. vist at farten er over 30 Mbit/s. Kommunen har fått innspel frå innbyggjarar i området med speedtest som viser at farten ligg på ca 12 Mbit/s ned og ca 1,7 Mbit/s opp. For øvrig viser dekningskartet frå 2017 at farten i område ligg under 30 Mbit/s, og kommunen kjenner ikkje til at det har vore nokon utbygging av breiband det siste året.

Dekningskart



Dekningskart under 10 Mbit/s



Dekningskart under 30 Mbit/s

Lokal medfinansiering

Meland kommune vil gå inn med eit finansielt tilskot på 2 mill kr. I tillegg vil kommunen bidra med å grave grøft for breiband i område 4. Her skal kommunen legge vass- og avlaupsleidning i 2018 og 2019 på tilsaman 2,9 km. I tillegg er det lagt opp til at private må betale tilknytingsavgift for å kople seg til breibandet.